



Dei det gjeld

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1113 - 17/10179

Saksbehandlar:

Helge Kvam

helge.kvam@meland.kommune.no

18.05.2017

Forskrift om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester i Meland kommune

***Heimel:** Vedtatt i Meland kommunestyre (xx.xx.2017) med heimel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. ([Helse- og omsorgstenestelov](#)) § 3-2-a, andre ledd, jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettigheter ([Pasient- og brukarrettighetslov](#)) § 2-1 e.*

§ 1 Formål

Forskrifta skal sikre at pasientar får naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester, jf. helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 a, i samsvar med rettar i pasient- og brukarrettighetsloven § 2-1 e.

Forskrifta syner Meland kommune sine kriterier for tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenesteyting, samt skildrer korleis pasientar kan ivareta kast i ventetida.

§ 2 Lovgrunnlag

Heimel for tildeling av langtidsopphald og helse- og omsorgstenester i sjukeheim er lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient og brukarrettighet § 2-1 a andre ledd og § 2-1 e første ledd, jf Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd nr. 6 bokstav c og § 3-2 a første ledd.

Heimel for tildeling av disposisjonsrett til tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester er Lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettighet § 2-1 e første ledd, jf lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd og 3-2 a første ledd.

Heimel for tildeling av helse- og omsorgstenester i bustad er lov 2. juni 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettighet § 2-1 a andre ledd, evt. og § 2-1 d, jf Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester § 3-1 første ledd, jf § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav a og b, og/eller § 3-2 første ledd nr. 5, evt. og § 3-8.

§ 3 Definisjon

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Sjukeheim er ei lovpålagt oppgåve for kommune etter helse- og omsorgstenestelov §3-2 førsteledd nr. 6 bokstav c. Med sjukeheim forstås ein helseinstitusjon som fell inn under forskrift 16. desember 2011 nr. 1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e og § 2. Med langtidsopphold meiner ein opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

Bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenesteyting som er likestilt med sjukeheim i [Forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie](#) er omfatta av omgrepet sjukeheim. Med tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester meiner ein bustad der:

- a. det er mogleg å gje døgnkontinuerlege tenester,
- b. det er mogleg å føre tilsyn med pasient eller brukar tilsvarande som i sjukeheim,
- c. det er mogleg å motta tenester frå helse- og omsorgspersonell med kompetanse tilsvarande som personell vanlegvis har i sjukeheim,
- d. det er mogleg å tilkalle hjelp og responstida før personellet kan komme til bustad er tilsvarande som i sjukeheim, og som kommunen tildeler disposisjonsrett til.

Med venteliste for langtidsopphald meiner ein kommunen sin oversikt over dei pasientane som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i ventetida for langtidsopphald. Ventelista er ikkje eit kø-system, og plass på venteliste gir ikkje fortrinnsrett til ledig plass på sjukeheim eller tilsvarande bustad, jf denne forskrift § 8.

§ 4 Virkeområde

Forskrifta gjeld alle som bur eller oppheld seg i Meland kommune, og som har trong for langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad og der dette er det einaste tilbodet som kan gje naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Meland kommune disponerer per tid eit gjeve tal plassar som er berekna for langtidsopphald. Langtidsopphald i sjukeheim vert per tid ytt ved [Meland sjukeheim](#) v/Lerketunet og Nordgardstunet.

Meland kommune disponerer per 2017 ikkje tilbod om plass i bustad særskilt til rettelt for heildøgntenester. Forskrifta omfattar denne type teneste når dette vert eit tilgjengeleg tilbod.

§ 5 Vurdering og vedtakskompetanse

Vurdering av tildeling av langtidsopphald i Meland Kommune vert utført av Inntaksnemda.

Inntaksnemnda er per 2017 sett saman av: tenesteområdeleiar Meland Sjukeheim, tenesteområdeleiar Meland heimeteneste, sjukeheimslege, avdelingsleiar heimetenesta, avdelingsleiar sjukeheim samt meldingsovervakar e-meldingar.

Mynde til å fatte enkeltvedtak om langtidsopphald ligg hjå tenesteområdeleiar Meland Sjukeheim.

§ 6 Grunnlag for tildeling eller avslag

Meland kommune nyttar prinsipp om beste effektive omsorgsnivå (BEON) ved tildeling av tenester og tiltak. Her viser ein til begrepet omsorgstrapp. Begrepet omsorgstrapp synleggjer tenestetilbod på ulike nivå der aukande hjelpebehov vert møtt med aukande og meir omfattande tenestetilbod/ressursinnsats av ulik art. Tenester i heimen skal difor som hovudregel vere forsøkt før tildeling av langtidsplass i sjukeheim

eller tilsvarende bustad. Her legg ein til grunn gjeldande kommuneplan 2014-2025 som seier at tenester skal ytast i eigen heim så lenge den einskilde ønskjer det og det er fagleg forsvarleg.

Ved ei samla vurdering tek ein desse omsyna:

- a) Ressursar og nettverk:
- a. evne til eigenomsorg
 - b. psykisk helse/oppleving av å vera utrygg
 - c. pårørande og nettverk
 - d. butilhøve
 - e. endring i helsetilstand
 - f. kognitiv svikt
- b) Kartleggingsverktøy:
- Vurdering av behov for helsehjelp vert kartlagt ut frå ulike funksjonsvariablar. Her nyttar ein kartleggingsverktøyet Iplos, [Iplos rettleiar](#), som er eit lovpålagt helseregister. Det skildrar hjelpebehov og ressursar til dei som søker eller mottar kommunale helse- og omsorgstenester.

Vurdert nivå på hjelpebehov vert her delt i tre grupper:

- a. noko/avgrensa behov - skår 1,5
 - b. middels til stort behov - skår 3
 - c. omfattande behov - skår 4,5
- c) Andre opplysningar:
- a. opplysningar frå møte med pasienten og/eller partsrepresentant for pasient
 - b. resultat frå vurderings-/ korttidsopphald i sjukeheim,
 - c. opplysningar frå anna helsepersonell og/eller andre som yter helse- og omsorgstenester, dette gjeld mellom anna resultat frå medisinsk behandling ved sjukehus.

Ved tildeling vil ein særskilt prioritere :

- a. personar der omfanget av hjelpebehovet er stort/omfattande, og det er behov for naudsynt kompetanse og utstyr som er vanskeleg å leggja til rette for i heimen
- b. personar i slutfasen av livet med behov for tilsyn og omsorg gjennom heile døgnet
- c. personar med langtkomen demensliding som har behov for kontinuerleg oppfølging, skjerming og omsorg gjennom heile døgnet

Utskriving frå langtidsopphald:

Etter fagleg vurdering om endring i trong for tenestenivå samt pasienten sitt ynskje kan ein avtale utskrivning frå langtidsopphald.

Pasienten har rett til å takke nei til å ta imot tilbod om langtids plass i sjukeheim eller tilsvarende bustad, med mindre vilkåra i lov 2. juli 1999 nr. 63 kapittel 4A er oppfylt. Pasienten mister ikkje rett til å stå på venteliste ved å takke nei til eitt tilbod som blir gitt av kommunen.

Samtykke og informasjon:

- a. ein skal få samtykke frå pasient/verge til å innhente ytterligere opplysningar frå andre som er nødvendig for saksutgreiinga,
- b. ein skal gje pasient/verge den informasjon og rettleiing som trengs for at vedkomande skal kunne ivareta sine interesser i saken, herunder informasjon om eigenbetaling, jf. denne forskrifta § 11 tredje ledd,

§ 7 Søknad og vedtak

Søknadsskjema om langtidsopphald finn ein per tid elektronisk på [Tenesteområde Meland sjukeheim](#)
Søknad vert retta til Meland kommune, Meland sjukeheim, postboks 79, 5906 Frekhaug.

Tildeling av enkeltvedtak om langtidsopphald eller tilsvarande bustad skjer på bakgrunn av helseopplysningar/vurderingar jf denne forskrifta § 5.

Kommunen kan fatte vedtak om avslag på søknad om langtidsopphald når det er forsvarleg at pasient med omfattande behov for heildøgn helse- og omsorgsteneste bur heime i påvente av langtidsopphald på sjukeheim eller i tilsvarande bustad.

Vedtaket skal opplyse om vedkomande er kvalifisert for langtidsopphald og kjem på kommunen si venteliste for langtidsopphald eller tilsvarande bustad.

§ 8 Venteliste

Søklar som har fått vedtak om at dei er kvalifisert for langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av tildelt plass, skal først på kommunen si venteliste for langtidsopphald.

Ved tildeling av ledig plass ved langtidsopphald eller tilsvarande bustad skal Inntaksnemnda vurdere det individuelle behovet til nye søkjarar og alle som står på kommunal venteliste for langtidsopphald.

Kommunen si venteliste for langtidsopphald gjev ingen fortrinnsrett til plass på sjukeheim eller i tilsvarande bustad. Seinare plasserte pasientar på venteliste og/eller nye pasientar vil slik kunne få plass først om deira behov er vurdert som større på tildelingstidspunkt. Den med størst vurdert hjelpebehov ut frå kriteria i § 6 skal prioriterast, og vedtak vert fatta av tenesteområdeleiar Meland sjukeheim jf denne forskrifta § 5.

§ 9 Tiltak i påvente av langtidsopphald

Personar med vedtak om å stå på venteliste skal få andre helse- og omsorgstenester for å sikre naudsynt og forsvarleg helsehjelp i ventetida.

Dette kan til dømes vere: dagsentertilbod, støttekontakt, heimehjelp, heimesjukepleie korttidsopphald og/eller andre tenester. Pasientar som mottar hovudomsorga frå pårørande, kan søkje om avlastande tiltak for særleg tyngande omsorgsoppgåver.

Kommunen skal ha ei systematisk og fortløpande evaluering og vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå til pasientar på venteliste for å fange opp eventuelle endringar i bilstandsbehov.

§ 10 Eigenbetaling

Kommunen bereknar eigenbetaling jf [Forskrift om eigenandel for kommunale helse og omsorgstenester](#)

§ 11 Klage

Enkeltvedtak kan klagast til Fylkesmannen, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 7-2. Ein klage skal være skriftlig, jf pasient- og brukerrettighetsloven § 7-3.

Ein eventuell klage på enkeltvedtak vert å rette til tenesteområdeleiar i Meland Sjukeheim, som tar saka til vurdering i første instans (Inntaksnemda). Om det ikkje vert vurdert omgjerding av vedtak skal kommunen sende klagen vidare til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Klagefrist er 4 uker, og skal fremgå av vedtaket jf pasient- og brukerrettighetsloven § 7-5.

For nærmare opplysningar, eller ved behov for hjelp til å fremje ein eventuell klage, ta kontakt med tenesteområdeleiar Meland Sjukeheim.

§ 12 Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2017

Med helsing

Helge Kvam
rådgjevar pleie og omsorg og sosial

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Dei det gjeld